

## Innspel

# Hamneplan 2023, Ullensvang Kommune

Dette er eit innspel til ny hamneplan i Ullensvang Kommune, der ein ynskjer at Hovland Kai blir medtatt, og vurdert rusta opp i ny hamneplan.

Hovland kai er fra før 1920-tallet, og har vert i bruk til blant anna frakt av ullvare til og frå Hovland Ullvarefabrikk, og har sådan ei historisk betydning for plassen, og tidlig industri i Ullensvang Kommune.

Denne kaien er i dag eigd av Ullensvang Kommune.

I dag fungerer kaien som eit samlingspunkt for rekrasjon, bading, fisking, og båtmilø.

Spesielt viktig, er at den har blitt brukt ved fleire anledninger til å hente passasjerer i forbindelse med båttransport etter ras – i regi av kommunen.

Dette har vore gunstig då kaien har låg høgde, og det er god plass til å snu og parkere både bil og buss her.

Kaien kan ikkje sjåast opp mot kaianlegg ved Isklar AS, då Isklar AS er lukka for allmenheten, og kaia er ikkje offentlig tilgjengelig. Denne er ein del av eit industriområde. Kaien ved Isklar AS er også svært høg, og meir egna for tyngre lasteskip.

I føresegner for reguleringsplan, laga av Ullensvang Herad i 2005, blei dei påpeikt at kaien har eit stort behov for vedlikehald – eventuelt rivast & byggast opp på ny.

Det er derfor viktig at denne kaien blir ivaretatt i ny hamnplan, og at det blir lagt ein plan for reperasjon / vedlikehald – då dette har blitt utsett alt for lenge.

I reguleringsplan, er kaien og området rundt, regulert til småbåthavn – og det er ønskelig frå private initiativtakara å etablere mellom 5-10 båtplasser med bølgebrytar i framtida.

Dette må sjåast opp mot framtidig arbeid med kaien, og kva ein ynskjer av bruk framover.

Alternativ er gjerne ei forminsking av kaien, til fordel for å gjere plass til bølgebrytar med båtplasser.

Dette er noko initiativtakara ser at kan være ein mulighet for å redusere kostnad med reperasjon og framtidig behov for vedlikehold på kaien, og som vil være nyttig for båtmiljøet.

Ullensvang Kommune **må** uansett ta stilling til kva alternativer det er her, og kva desse vil koste, då det er kommunen som har ansvaret for sikkerheten her.

Å rive kaien vil gjere tilgjengelegheta til strandsona dårligare, og i all hovudsak vil ulempene med å rive brygga være større en fordelene.

Alternativt kan kaia restaurerast, og overførast til småbåtlag for vidare vedlikehold.

Økonomisk kan dette gjerne gjerast via midler frå havnefond, og det er mulig å søke om midler frå Miljødirektoratet til sikringsmidler, då denne kaia vert nytta av svært mange tilreisande og turistar.

Sjå eksempel frå dette her: <https://www.kvam.no/aktuelt/unik-satsing-pa-friluftsomrada-langs-fjorden.57578.aspx>

## Vedlegg



Bildet over viser kai som er ynskjeleg å bli medtatt i havneplan.



Bildet over viser reguleringsplan, som syner område for småbåthavn.



**Hovland Kai, Dronefoto**



**Rasbåt mellom Hovland og Tyssedal**

*Faksmile Hardanger Folkeblad, Desember 2011.*

*Ved påstigning tok båten imot maks antall passasjerer. Når hurtigbåten kom til Hovland kai var den derfor nødt til å kjøre fra om lag 40 mennesker som stod og ventet.*


# Beredsskapsbåt er på veg



BEREDSSKAPSÅT: Pilgutt er beredskapsåt for Ullensvang kommune. Åtten er på plass rundt klokka 17 og vil gå i rute mellom Hovland og Tyssedal, melder kommunen. Foto: Eivind Dahle Sjåstad

Faksmile, Hardanger Folkeblad Juli 2022

Rasbåt mellom Tyssedal & Hovland



Bilde frå 2023, viser synlig armering frå kaistøtte.

## **5.8 Friområde i sjø småbåthamn.**

Det kan leggast til rette for mindre båtar. Småbåthamna vert bygd opp med ein enkel kaikonstruksjon. Eksisterande kai er i dårleg forfatning. Det må til eit omfattande reperasjonsarbeid eller kaia må rivast og byggast opp på ny..



*Område til småbåthamn*

## **Faksmile frå reguleringsplan, Hovland**



**Hovland Kai, populær badeplace på sommaren.**